

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 24.05.2006 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Janne Drevsjø

I staden møtte:

Ingen

Før møtet vart sett var det synfaring i samband med sakene 24, 30 og 33.

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, leiar av teknisk eining og administrasjonssjefen

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 29. mai 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Sture Tveit viste til sak 26 der han sakna vedlegg. Det vart orientert om at desse vart sendt ut i ettertid. Med denne merknaden vart innkalling og saklista samrøystes vedteke.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Sigmund Dyrhovden viste til at kommunale vegar var i svært dårleg stand. Han viste særleg til vegen over Tveitaflatene. Han meinte at vegen over Tveitaflatane må utbetrast snarast. Ordførar orienterte om at det vert arbeidd med å få finansiert desse tiltaka. Den aktuelle vegen meiner ho må få midlar seinast til hausten. Dyrhovden meinte at det måtte gjerast mindre strakstiltak. Personal- og økonomiutvalet kan drøfte saka i møtet førstkomande mandag.

Sture Tveit viste til handsaming i personal- og økonomiutvalet der naturutvalet sitt vedtak om omskilting av parkeringsplassen ved kommunehuset ikkje vart fulgt opp. Sidan det no ikkje vert føreteke endringar av skiltinga, må det gjennomførast tiltak for at eksisterande skilting vert respektert.

Øyvind Røen viste til at det pågår graving i Pøyla ved Bjørkheim. Han etterlyste informasjon om kva som skjer og om det er lovleg.

Sverresvold tek med seg spørsmålet vidare og foretar evt. tiltak.

Røen viste til kommuneplankartet og at det fortsett er mange av namna som er feil. Han har utarbeidd ei liste med namn som kommunen fekk.

Administrasjonen vil retta opp kartgrunnlaget.

Idar Reistad varsla at han økskjer ein politisk diskusjon om vidare bustadbygging i kommunen og kommunen si rolle i dette.

Det vart orientert frå ordførar og Sture Tveit som er leiar av bustadgruppa i kommuneplanen om arbeidet som er sett i gang med dette spørsmålet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

I tillegg til utsendt liste vart det orientert om

at det har vore kontakt med representant for Tordis Haga som eig bruket som kommunal eigedom i Hagamulen er skilt ut frå. Hovudbruket har ein tinglyst strandrett. Verdien av denne retten må avklarast før arealet kan lysast ut for utbygging. Avtalen er at det skal brukast takstmenn for å fastsett verdien.

Sture Tveit har motteke eit skriv frå Hilmar Sandvik som er eit innspel i høve til areal til bustadbyggjing. I samband med arbeidet med kommuneplan kom det inn innspel for denne garden og for delar av garden er det opna opp for bustadbygging. Administrasjonen vil gje Sandvik tilbakemelding på skrivet hans.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0024/06	06/00237 REGULERINGSPLAN BJØRKHEIM - MERKNADER
0025/06	06/00051 OMREGULERING AV DELER AV GNR.24, BNR.2 TILOFFENTLEG FØREMÅL
0026/06	05/00270 KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 54/05 PÅLEGG OM RIVING AV ULOVLEG OPPFØRTE BYGG PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGEREIDFJORD.
0027/06	01/00180 DELINGSSAK GNR 24/22.
0028/06	02/00471 DELINGSSAK GNR.23/12,13
0029/06	02/00472 DELINGSSAK GNR 23/9,13
0030/06	06/00149 DELINGSSAK GNR 45, BNR 12.
0031/06	03/00479 DELINGSSAK GNR 30, BNR 21.
0032/06	06/00200 DELINGSSAK GNR 1, BNR 1.
0033/06	06/00124 SMÅDALSELVA KRAFTVERK

0024/06

REGULERINGSPLAN BJØRKHEIM - MERKNADER**Handsaming i møte:**

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Reguleringsplan for Bjørkheim med førsegner vert vedteke med desse endringane:

§ 11.1 og 12.1 vert endra til

Andre setning i kvar av desse paragrafane/punkta vert stroke.

Olaug K Øystese, Frode Bjørnås og Sigmund Dyrhovden sette fram slikt framlegg:

Reguleringsplan for Bjørkheim med førsegner vert vedteke med desse endringane:

§ 11.1 og 12.1 vert endra til

Andre setning i kvar av desse paragrafane/punkta vert stroke.

Dagens løysing med busslomme på kvar side av hovudvegen med plass til 2 bussar samtidig blira vidareført.

Inngrep på gnr. 18 bnr. vert halde på eit minimum samtidig som ein prøver å oppnå ei god vegløyning.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 3 røysta for framlegget frå Sture Tveit og 3 for fellesframlegget. Leiaren røysta for framlegget frå Sture Tveit, og dette vart dermed vedteke.

Vedtak:

Reguleringsplan for Bjørkheim med føresegner vert vedteke med denne endringa:

§ 11.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning, kontor og bustader.

Bustader skal plasserast i andre etasje eller høgare. Bustader kan ikkje plasserast i plan med ferdig planert terrengnivå.

§ 12.1 Områda F/K/B 1 skal nyttast til blanda føremål for forretning, kontor og bustader.

0025/06

OMREGULERING AV DELER AV GNR.24, BNR.2 TILOFFENTLEG FØREMÅL**Framlegg til vedtak::**

Framlegg til mindre vesentleg endring av reguleringsplanen for Gjerde gjeld del av gnr.24, bnr.2,180 til offentleg føremål dagsett 08.02.2006 vert godkjend slik han ligg føre.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til mindre vesentleg endring av reguleringsplanen for Gjerde gjeld del av gnr.24, bnr.2,180 til offentleg føremål dagsett 08.02.2006 vert godkjend slik han ligg føre.

0026/06

**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 54/05 PÅLEGG OM RIVING AV ULOVLEG
OPPFØRTE BYGG PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGEREIDFJORD.**

Framlegg til vedtak::

Ein kan ikkje sjå at klaga inneheld vesentlege nye opplysningar som tilseier at vedtak i sak 54/05 kan endrast.

Vedtak i sak 54/05 vert oppretthalde og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjer.

Handsaming i møte:

Leiaren orienterte om at det var kome inn ein e-post til ordføraren frå klagaren. Denne vart delt ut, og utvalet las igjennom dette.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ein kan ikkje sjå at klaga inneheld vesentlege nye opplysningar som tilseier at vedtak i sak 54/05 kan endrast.

Vedtak i sak 54/05 vert oppretthalde og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjer.

0027/06

DELINGSSAK GNR 24/22.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev delingsløyve for ei nausttomt på om lag 80 m² på gnr. 24 bnr. 22. Vedtaket er fatta i heimel i plan- og bygningslova § 63 og i medhald av kommuneplan for Samanger kommune.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev delingsløyve for ei nausttomt på om lag 80 m² på gnr. 24 bnr. 22. Vedtaket er fatta i heimel i plan- og bygningslova § 63 og i medhald av kommuneplan for Samanger kommune.

0028/06

DELINGSSAK GNR.23/12,13

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova, § 7, dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan, og gjev løyve til å dela ei tuft på om lag 2,3 da i frå gnr/bnr 23/12, 13. Tufta skal nyttast til bustad.

Då frådeling ikkje vil ha negative konsekvensar for jordvern eller jordbruksdrift, vert det gitt dispensasjon frå jordlova, § 12, til å dela 1 bustadtuft på om lag 2,3 daa frå gnr/bnr 23/12,13 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova, § 7, dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan, og gjev løyve til å dela ei tuft på om lag 2,3 da i frå gnr/bnr 23/12, 13. Tufta skal nyttast til bustad.

Då frådeling ikkje vil ha negative konsekvensar for jordvern eller jordbruksdrift, vert det gitt dispensasjon frå jordlova, § 12, til å dela 1 bustadtuft på om lag 2,3 daa frå gnr/bnr 23/12,13 i Samnanger kommune.

0029/06

DELINGSSAK GNR 23/9,13

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev med heimel i pl.bygningslova, §7, dispensasjon frå kommuneplan til deling av ei nausttuft på gnr/bnr 23/9 og 13. Tufta vert på om lag 2 da. Det vert lagt vekt på at bruken av område ikkje vert endra.

Då frådeling ikkje vil ha negative konsekvensar for jordvern eller jordbruksdrift, vert det gitt dispensasjon frå jordlova, § 12, til å dela 1 nausttuft på om lag 0,6 daa frå gnr/bnr 23/9,13 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev med heimel i pl.bygningslova, §7, dispensasjon frå kommuneplan til deling av ei nausttuft på gnr/bnr 23/9 og 13. Tufta vert på om lag 2 da. Det vert lagt vekt på at bruken av område ikkje vert endra.

Då frådeling ikkje vil ha negative konsekvensar for jordvern eller jordbruksdrift, vert det gitt dispensasjon frå jordlova, § 12, til å dela 1 nausttuft på om lag 0,6 daa frå gnr/bnr 23/9,13 i Samnanger kommune.

0030/06

DELINGSSAK GNR 45, BNR 12.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune finn ikkje at det ligg føre særskilde grunnar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden om deling av 1,8 da frå gnr/bnr 45/12 i Samnanger kommune vert ikkje imøtekomen. Vedtaket er vurdert i høve til plan og bygningslova § 7, *Dispensasjon*.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune finn at det ligg føre særskilde grunnar og det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden om deling av 1,8 da frå gnr/bnr 45/12 i Samnanger kommune vert imøtekomen. Vedtaket er vurdert i høve til plan og bygningslova § 7, *Dispensasjon*.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 1 røysta for framlegget frå Øystese og 5 for framlegget frå administrasjonssjefen.

Vedtak:

Samnanger kommune finn ikkje at det ligg føre særskilde grunnar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden om deling av 1,8 da frå gnr/bnr 45/12 i Samnanger kommune vert ikkje imøtekomen. Vedtaket er vurdert i høve til plan og bygningslova § 7, *Dispensasjon*.

0031/06

DELINGSSAK GNR 30, BNR 21.

Framlegg til vedtak::

I høve til plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan til å dela i frå ei hyttetuft på gnr/bnr 30/21 i Samnanger kommune. Det kan vert aktuelt å krevja at tufta sluttar seg til fellesløyningar ved regulering av heile det framtidige hytteområde.

I høve til jordlova § 12 vert det gjeve løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa på gnr/bnr 30/21. Det bør vurderast å leggja tufta nærmare vegen og inntil eksisterande hyttetuft, for å lette tilkomst å ikkje leggje att smale areal av gnr/bnr 30/21 mellom hyttetuftene.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

I høve til plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan til å dela i frå ei hyttetuft på gnr/bnr 30/21 i Samnanger kommune. Det kan vert aktuelt å krevja at tufta sluttar seg til fellesløysingar ved regulering av heile det framtidige hytteområde.

I høve til jordlova § 12 vert det gjeve løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa på gnr/bnr 30/21. Det bør vurderast å leggja tufta nærmare vegen og inntil eksisterande hyttetuft, for å lette tilkomst å ikkje leggje att smale areal av gnr/bnr 30/21 mellom hyttetuftene.

0032/06

DELINGSSAK GNR 1, BNR 1.**Framlegg til vedtak::**

Det vert med heimel i plan- og bygningslova, § 63, og kommuneplan for Samnanger kommune gjeve løyve til å dele ei bustadtomt på omlag 3,5 da frå gnr/bnr 1/1. Tilkomst til tufta skal liggja parallelt med hovudvegen, og knytast til eksisterande avkjørsle 90 meter nord for tufta.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova, § 63, og kommuneplan for Samnanger kommune gjeve løyve til å dele ei bustadtomt på omlag 3,5 da frå gnr/bnr 1/1. Tilkomst til tufta skal liggja parallelt med hovudvegen, og knytast til eksisterande avkjørsle 90 meter nord for tufta.

0033/06

SMÅDALSELVA KRAFTVERK**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune har hatt søknad om konsesjon for bygging av Smådalselva kraftverk til høyring.

- Søknaden er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.
- Det bør setjast krav om ei viss minstevassføring for å sikra det biologiske mangfaldet knytt til elva.
- Anleggsdrift må haldast utanfor lauvskogområda i ynglingsperioden for fugl og pattedyr.
- Gytemoglegheit for småaure i Smådalsvatnet bør sikrast i samband med planlegging av kraftverksinntaket i Smådalselva.
- Det bør takast særskilt omsyn til terrenget, og omfanget av inngrep ved etablering av røytrase gjennom eit område med gammal lauvskog vest for Smådalselva må haldast på eit minimum.

- Inngrepa ved bygging av anleggsveg og røyrtrasé må gjerast så skånsamt som mogleg, slik at restaureringa vert mest mogleg tru med slik terrenget var før anleggsarbeidet starta.
- Kommunen ser det som positivt at det vert gjort spesielle tiltak for å minimalisera sjenerande støy, og at det vert lagt opp til at det skal leiast vatn frå kraftstasjon mot område for rekreasjon og restaurert kvernhus i lokal kultursti.
- Det er 15 husstandar som er kopla til privat vassanlegg som hentar vatn frå Smådalselva. Desse 15 husstandane kan sikrast drikkevatn med tilkopling til kommunalt vatn.
- Samnanger kommune syner elles til at anlegget må verta slik som det er gjort reie for i søknaden om konsesjon.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese orienterte om slektskap med søkjar, og ba om å få vurdert om ho er ugild ved handsaming av søknaden.

Utvalet bestemte at Øystese var ugild, og ho tok ikkje del i handsaminga av saka.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune har hatt søknad om konsesjon for bygging av Smådalselva kraftverk til høyring.

- Søknaden er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.
- Det bør setjast krav om ei viss minstevassføring for å sikra det biologiske mangfaldet knytt til elva.
- Anleggsdrift må haldast utanfor lauvskogområda i ynglingsperioden for fugl og pattedyr.
- Gytmoglegheit for småaure i Smådalsvatnet bør sikrast i samband med planlegging av kraftverksinntaket i Smådalselva.
- Det bør takast særskilt omsyn til terrenget, og omfanget av inngrep ved etablering av røyrtrasé gjennom eit område med gammal lauvskog vest for Smådalselva må haldast på eit minimum.
- Inngrepa ved bygging av anleggsveg og røyrtrasé må gjerast så skånsamt som mogleg, slik at restaureringa vert mest mogleg tru med slik terrenget var før anleggsarbeidet starta.
- Kommunen ser det som positivt at det vert gjort spesielle tiltak for å minimalisera sjenerande støy, og at det vert lagt opp til at det skal leiast vatn frå kraftstasjon mot område for rekreasjon og restaurert kvernhus i lokal kultursti.
- Det er 15 husstandar som er kopla til privat vassanlegg som hentar vatn frå Smådalselva. Desse 15 husstandane kan sikrast drikkevatn med tilkopling til kommunalt vatn.
- Samnanger kommune syner elles til at anlegget må verta slik som det er gjort reie for i søknaden om konsesjon.